



Forslag til plan for arbeidet i 2021

Aktivitetar og arrangement:



Frå sommarkafeen i fjor. I arbeidsplanen for 2021 er det forslag om å ha sommarbasaren som del av ei sommarhelg med fleire aktivitetar og arrangement.

- *Søndagskafe* kvar fyrste søndag i månaden m/tema eller eller innslag. Det vert peika ut vertar/ansvarlege for kafeane.
- *Markering av slutført arbeidet med gravrøysane* . I Sletten laurdag 8.mai. kl.13.00. Fylkesordførar Jon Askeland deltek. Guida tur med buss frå Sletten til Villevika og attende.
- *17.mai-feiring* på Årebrot. Ansvar: Eigen komité
- *Dugadar* på grendahusa to laurdagar i mai/juni . Ansvar: Styret
- *Strandryddeaksjon i mai/juni*. Ansvar: Styret v/Vetle Aase Øvrebotten
- *Sommarhelg/bygdedagar med sommarbasar*: ein laurdag og ein søndag i juli/august. Idear til aktivitetar: fottur, fiskekonkurransen, foredrag på tema. Ansvar: Ein eigen komité
- *Hjortefest i november*. Ansvar: Jegarane
- *Romjulskafe/juletreff* 3.dag jul. Ansvar: Eigen komité



Stoppeplassen i Sletten er klar. Informasjonstavla skal opp før den 8.mai då det er planlagt ei markering av at arbeidet med gravrøysane er ferdig.

Viktige tiltak

Grendahusa

- Overta eigedomen Gnr.11 Bnr 31 av Årebrot Grendahus PL og ordne alle formalitetar.
- Gjere ferdig ytterdørene i Botnane.
- Sette inn nytt øydelagt glasi Botnane
- Måle delar av ytterveggane
- Diverse småreparasjonar på Årebrot og skifte kledning.
- Gjere avtale med Bremanger kommune og stille ut kunst av Aase Botnmark ((1927-2012) i grendahuset i Botnane.

Turstiane.

- Få dei lagt alle inn på ulike digitale kart og på plattformer på nett.
- Merke fleire korte nærturar.
- Vurdere å arrangere stolpejakt/turorientering.
- Samarbeide med turlaga i Florø og i Bremanger.

Gravrøysane

- Bygge opp ei eiga sida på botnane.no om gravrøysane.
- Få vegvesenet/fylkeskommunen til å sette opp skilt i Myklebustkrysset og eit langs veg i retning Botnane og Årebrot.

- Sette opp informasjonstavler på fem ulike stader (Sletten, Sørbotten, Oparhella, Seljestokken og Villevika).
- Bygge parkeringslommer i Sørbotten med støtte frå Bremanger kommune og andre.

Sti til fyrlykta og sitteplass i Vikja i Botnane:

- Ta opp med grunneigar om løyve og bruke flishaugane på nedisda av vegen i Vikja til å lage sti ned mot fyrlykta og ein enkel sitteplass.

Gatelys i Sørbotten

- Arbeide ut ein plan med kostnader for å få opp gatelys frå Myrane og eit stykke utover til Sørbotten.
- Arbeide for å få støtte til å realisere planen.



Frøysjøvegen frå Myklebustkrysset til Villevika treng å bli rusta opp og verte vedlikehalde betre. Gjennom Botnane er det behov for redusert fartsgrense. Dette er saker grendalaget skal arbeide med i 2021. Bilete er frå den uoversiktlege svingen i Korsnesvika.

Viktige saker

Breiband/mobildekning:

- Arbeide for å skaffe skikkeleg breiband og mobildekning til alle så snart som mogleg.

Frøysjøvegen – fylkesveg 577:

- Arbeide for å få godt nok vedlikehald og opprusting av vegen mellom Myklebustkrysset og Villevika (Frøysjøvegen – Fylkesveg 577)
- Arbeide for å få redusert fartsgrense gjennom Botnane.
- Ta opp spørsmål om vidareføring av fylkesveg 577 sørover mot Flora over Terøya.